



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Hilde-Lill Våge	Arkivkode: FE-151
Arkivsaksnr: 21/392	Løpenr: 21/8804
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	11.11.2021	066/2021
Kommunestyret		

Gebyrregulativ 2022 - byggesaker, delingssaker, plansaker, matrikkellova, forureiningslova og tiltak i sjø

11.11.2021 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FORM- 066/2021 Vedtak:

Gebyrregulativ for 2022 for byggesaker, delingssaker, plansaker, saker etter matrikkellova, saker etter forureiningslova og tiltak i sjø vert vedteke slik det ligg føre.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Gebyrregulativ for 2022 for byggesaker, delingssaker, plansaker, saker etter matrikkellova, saker etter forureiningslova og tiltak i sjø vert vedteke slik det ligg føre.

Dokument som er vedlagt:

Framlegg til gebyrregulativ 2022 - byggesaker, delingssaker, plansaker, matrikkellova, forureiningslova og tiltak i sjø

Kva saka gjeld:

Vedta satsar/gebyrregulativ for 2022 for byggesaker, delingssaker, plansaker, saker etter matrikkellova, saker etter forureiningslova og tiltak i sjø.

Vurderingar og konsekvensar:

Det er ikkje kome inn signal eller behov som fører til behov for å endre gebyrreglementet, ut over justering av gebyrsatsane.

Rådmannen har lagt inn forslag om ein auke på 3 prosent i dei fleste satsane for kommunale avgifter/gebyr for 2022. Bakgrunnen for dette er at deflator (samla pris- og kostnadsvekst i kommunane) i framlegget til statsbudsjett for 2022 er på 2,5 prosent og at forventa lønsvekst som er

ein del av deflatoren, er estimert til 3,2 prosent. For dei områda der lønskostnad ikkje utgjer mesteparten av kostnaden, vert det lagt inn ein auke på 2,5 prosent. Nokre kostnadsområde har òg hatt ein prisauke som har vore høgare enn normalen, dette gjeld mellom anna straum, byggekostnad og kommunale avgifter.

Det vert tilrådd ei prisjustering for desse gebyra, der dei vert auka med 3 prosent.